



Til veke er det ein ny runde om huset på muren - er det den siste?

**12. desember vert det ein ny behandlingrunde i forvaltningskomiteen om det omstridte huset på muren i Ospelunden. Rådmannen går inn for at komiteen skal avvise klaga frå 3 oppsittarar og oppretthalda vedtaket frå tidlegare i haust då den vart sett fram etter at klagefristen var gått ut. Klagerane er Ann Iren Sæle, Terje Myklebust og Olav Tvilde. Dei bur i Uskedalsvegen 438, 440 og 448.**

Rådmannen meiner at klagen som vart motteken 22. juli på igangsetjingsløyvet datert 11.juni er for seint innkomen. Det er ikkje kome

fram nye moment i klagen motteke 24. oktober som tilseier at rådmannen gjer om sitt tidlegare vedtak.

Rådmannen peikar mellom anna på at det vart gjeve dispensasjon frå byggjegrensa langs fylkesvegen til oppføring av den omsøkte muren. Det er ikkje krav om andre dispensasjoner i tiltaket og Statens vegvesen har ikkje merknader til at dispensasjon vert gjeve.

I klagen vert det mellom anna hevda at kommunen ikkje har teke høgde for tryggleiken til skuleborna og andre som ferdast på gang- og sykkelvegen og at det heller ikkje er teke omsyn til ulempe, miljø og verdiforringing til naboane.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen